



Frank Prestø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/693 - 14/8200

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

29.07.2014

Byggesak Gbnr 28/101 Kvalheim nedre - einebustad - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 164/2014

Saksutgreiing:

Ansvarleg søker/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 13.06.2012, 25.09.12 og 07.10.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Ansvarleg søker/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert gjenstående arbeid som følgjande:

- Etablering av trinnløs adkomst.

Søknad om mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10, 3 ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket som spesifisert over på gnr.28 bnr. 101 i Radøy kommune på følgjande vilkår.

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 29.01.15.

2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av mellombels bruksløyve:

Kode 10.2.8 Delt sakshandsaming, mellombels bruksløyve kr. 2 600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøra.

Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.
Bruksendring krev særskild løyve (jfr. Pbl. § 20-1 d).

Skildring:

Adresse:	Fløholmen 28
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad/300341891
Bruksareal:	192 m ²
Avløp:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Høgne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Høgne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Frank Prestø